



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 23.05.23 kl. 17.00 – 18.40 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Ingunn Østerbo på telefon.

Fråverande: Alf Magnar Svartemyr, Kenneth Førde, Åge Østerbo og vara Jon Nesheim

Geir las preiketekst for Pinsedag frå Joh. evangeliet; og delte tankar om dette.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

23/23 Info frå fellesrådet v/Sissel:

- Vi er bedne om å komme med forslag til økonomiske innsparingar.
- Sæbø gravplass kan ikkje brukast framover, då denne i praksis er full. Kan ein tenke nytt i forhold til kremering? Kva med ein minnelund i Høyanger?
- Ein må ha ein plan for tilbakebetalinga til kommunen av underskotet på kr. 432.000 som fellesrådet hadde i 2022.
- Opningstid på kyrkjekontoret er no tysdag, onsdag og torsdag frå kl.10-14.
- 6. juni er det møte på Vassenden med den nye biskopen - tilsette er inviterte.

24/ 23 Kandidatlista til soknerådvalet/gjennomføring av valet 11. sept. : Fellesrådet har fått tilskot som dekkjer utgifter til valet.

Joar og Ann I. kan truleg vere med heile dagen. Vi treng tre valvakter i kvar bygd : Ann Iren høyrer med Kristi Brekke om å vere med i Ortnevik. Joar høyrer med Norvald Bjordal i Bjordal, og Ingunn høyrer med Herdis Årnes i Ikjefjord. Elles vil kyrkjevevja ha ansvar for førehandsstemminga.

25/23 Det kom inn kr. 8931,- på fastebøssene til Kirkens Nødhjelp. Til saman frå soknet kr. 14.394,- medrekna vipps.

26/23 Vigsling av ny biskop i Bjørgvin 16. april. Sissel var med på ei flott gudsteneste og arr. i Håkonshallen i Bergen.

27/23 Trusopplæringsutvalet skal 1. juni ha møte med Heike. Då blir det lagt planar for tilbod for born. Vi har planlagt ei familiesamling i Ortnevik laurdag 17. juni.

28/23 Det er berre ein 9. klassing neste år. Ein arbeider med planlegging av tilbod. Runar M. Li har ansvaret, og det blir eit samarbeid med Lavik- og Hyllestad konfirmantane.

Sakliste

Sak 25/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 14. mars.

Vedtak: Møteprotokoll for 14. mars vart godkjent.

Sak 26/23 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- T- klubb for 1.-7. kl. i gamlebanken i Bjordal 21. mars – påskevandring og påskeverkstad - 5 born + Heike, Mari- Ann, Sissel og Ann I.
- Song på Bygdetunet er eit populært tilbod: 27. mars med 20 personar, 17. april med 23 personar, 1. mai med 20 personar og 15. mai med 23 personar.
- Myldresamling i Ortnevik grendehus 25. mars og 22. april - 4 born. Kanskje laurdagar ikkje høver så bra sidan det har vore liten oppslutnad.
- Fin samtalegudsteneste i Bjordal palmesøndag 2. april – 24 personar.
- Gudsteneste i Ortnevik skjærtorsdag 6. april – 34 personar. Tenestebrev til kyrkjevevje Stig Jonny Fitje frå Bjørgvin biskop vart lese opp av soknerådsleiar. Kyrkjekaffi m/ svele i grendehuset etterpå.
- Høgtidsgudsteneste i Bjordal påskedag 9. april – 25 personar. Elena Søreide song solo. Utstilling av miniatyrkyrkja, kyrkjekaffi.
- T- klubb for 1.-7. kl. i Gamlebanken 18. april – 5 barn + Heike og Mari- Ann.
- Dugnad på kyrkjegarden i Bjordal 25. april – 13 personar. Det vart gjort svært mykje på 32 dugnadstimar. Seinare har soknerådsleiar malt to strøk på dørene i bårhuset, og Mari-Ann har rydda og vaska. Til saman 42 dugnadstimar viser godt att.
- Konfirmasjonsgudsteneste i Bjordal 14. mai – 61 personar
- Gudsteneste 17. mai - i Bjordal med 38 personar og i Ortnevik 55 personar –diverre ingen born i Bjordal; i Ortnevik mange ! Peter Jobaggy spelte i begge kyrkjene.
- Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett.

Sak 27/23 Friluftsgudsteneste på Sørebo pinsedag 28. mai kl. 12.00

Vedtak: Soknerådet har ansvar for kyrkjekaffien – Ingunn, Joar og Ann I. møter i god tid. Åge ordnar med stor grill.

Camilla og Mari-Ann leier song med borna. Sissel har ansvar for at det blir laga natursti og opplegg for borna.

Sak 28/23 Olsokgudsteneste på Sande laurdag 29. juli kl. 16.00

Vedtak: I denne gudstenesta blir det dåp; vi brukar dåpsfat og kanne frå kyrkja i Bjordal. Sissel tek med eit lite bord og ein kvit duk. På grunn av at det er laurdag, kan vi begynne kl. 16.00. Soknerådet har ansvar for kyrkjekaffi: Inger Cecilie Fitje blir spurt om å bake, Ingunn lagar ei sjokoladeplatekake. Ann Iren har ansvar for å kjøpe inn det som trengs og lagar kaffi. Sissel tek med ei kanne vatn. Ruth Sande blir kontakta av Ann Iren for å informere nærare. Dersom det blir usikkert ver, må vi vere i Ortnevik kyrkje.

Sak 29/23 Gudstenesteplan/halvårsplan for hausten

Vedtak: Gudstenesteplan ut året:

28. mai Sørebo kl. 12.00	5. nov. Bjordal -minnegudstenete
9. juli Bjordal kl.16.00	26. nov. tårnagentgudst. Bjordal - Heike og Geir
29. juli Sande kl. 16.00	10. des. Ortnevik kl.17.00 julekonsert - Gerda
3. sept. Bjordal konfirmantpresentasjon kl. 16.00	24. des. Ortnevik kl. 14.00
1. okt. hausttakkefest Massnes kl. 12.00	24. des. Bjordal kl. 16.00
15. el. 22. okt. Bjordal - takk til det gamle soknerådet og presentasjon av det nye !	

I tillegg vil Geir gjerne ha 2-3 samlingar i Bjordal med tema t.d. «Samtalar om livet».

Sak 30/23 Stoff til neste Helgestunder

Vedtak: Det blir sendt inn bilde frå friluftsgudstenesta på Sørebo, og laga notis om diverse arbeid i kyrkjelyden.

Sak 31/23 Open kyrkje i Ortnevik i sommarferien kl. 16.00-18.00 kvar fredag frå 23. juni til og med 18. august

Vedtak: Vi prøver med open kyrkje i Ortnevik kvar fredag kl. 16.00 -18.00 frå 23. juni til 18. august, då dette kan vere eit godt tidspunkt der tilreisande og turistar ofte besøker stavkyrkja til Anders Brekke. Då er det gode båtruter frå/til indre Sogn. Fint om nokon vil vere tilstades desse dagane når det er mogeleg. Joar og Ann Iren høyrer med Aurora S. Østerbo om ho vil vere guide. Ho er også god i engelsk.

Sak 32/23 Vasking bårhus utvendig

Det er mykje svartsopp på bårhuset i Bjordal. Dette er lett å få av med kraftvask. Ein ettermiddagsdugnad med 3-4 personar ville gjere stor forskjell.

Vedtak: Sissel høyrer med Kenneth om han kan få nokon med seg å vaske i juni.

Sak 33/23 Kyrkjetenarstillinga

Denne våren, då vi har vore utan kyrkjetenar, har klokkar, prest og kyrkjevert samarbeidd om å utføre oppgåvene. Sjøppeldunken har blitt ordna med av fleire. Geir har sett på varme. Han har også ordna med snømåking. Sidan det ikkje har vore gravferd, har vi ikkje hatt problemstilling rundt det. Ville det vere mogeleg å fordele oppgåver, slik at nokon som bur nær kyrkja kan ha fast oppgåve med å setje ned og ta opp sjjøppeldunk kvar 4. veke. Det ville også vere ein fordel om ein som bur nær kyrkja kan bli kontakta for å setje på varme. Om nokon vil ha reinhald, er det også ei oppgåve som nokre plassar er fristilt frå kyrkjetenarjobben.

Vedtak: Åge har snakka med to personar som er i tenkeboksen. Geir vil eventuelt ta kontakt med dei etter kvart, og vi avventar situasjonen inntil vidare.

Sak 34 /23 Møteplan vidare

Vedtak: Tysdag 5. sept. kl. 17 -19 i Gamlebanken

Eventuelt

Sak 35/23 Synfaring i Ortnevik kyrkje kopla opp mot 100-års jubileet i 2025

Vedtak: Soknerådet oppmodar kyrkjevevja om å starte arbeidet fram mot jubileet i lag med soknerådet. Kva trengs av oppussing i Ortnevik kyrkje? Stikkord: Innhente anbod. Fastsetje dato for jubileet. Invitere biskopen.

Sissel Sørebo
Leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekonto